

**TEIKNINGAR – KVA VERT KRAVD?****Når må du senda inn teikningar?**

Du må senda inn teikningar til kommunen når du skal utføra byggje-/anleggsarbeid som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova §§ 20-2 – 20-4 og byggesaksforskrifta (SAK10) kapittel 2 og kapittel 3. Teikningane skal etter SAK10 § 5-4 sendast som vedlegg til søknad om løyve til tiltak (tiltak = det du skal byggja/gjera.) Det er viktig at kommunen får teikningar av alle endringane som skal utførast/ alt nytt som skal byggjast, utforma slik at det er lett å sjå kva du søkjer om.

**Kva for teikningar skal du senda inn?**

Vanlegvis skal plan-, snitt- og fasadeteikningar følgja søknaden. Kva du må ha med på desse teikningane vil variera noko avhengig av type tiltak. Nokre gonger kan det vera behov for å supplera med fleire teikningar, som til dømes terrengprofildeikningar, perspektivteikningar og liknande.

**Teikningane skal generelt verta slik utforma:**

- Planteikningar, snitt-teikningar og fasadeteikningar skal vera i målestokk 1:100. For større bygg kan dei vera i målestokk 1:200. Målestokken til teikninga vert valt ut frå kva som er mest føremålstenleg, sett i høve til storleiken til tiltaket. 1:100 tyder at 1 cm på papiret er 1 m i verkelegheita. Valt målestokk vert oppgjeve på teikninga.
- Teikningane skal vera fagmessig utført og gje eit korrekt bilde av bygningen/konstruksjonen. Det vil blant anna sei at
  - teikningane skal ha rette strekar, dei skal til dømes ikkje teiknast for hand utan linjal.
  - teikningane skal ha alle relevante mål.
- Kvar teikning skal ha eit tittelfelt som inneheld følgjande informasjon:
  - gardsnummer og bruksnummer, og eventuelt festenummer eller seksjonsnummer, for eigedomen der du skal byggja
  - byggeadresse
  - namn på tiltakshavar / ansvarleg søkjar (tiltakshavar = du som skal byggja / byggherre)
  - tiltaket sin art – altså kva som skal byggjast
  - type teikning (til dømes planteikning 1. etasje, snitt-teikning eller fasade aust)
  - teikningsnummer
  - målestokken til teikninga
  - datoen til teikninga
  - eventuelt revisjonsdato
  - nummeret til vedlegg som stemmer med det som er opplyst i søknaden

**TEIKNINGAR – KVA VERT KRAVD?**

- Når tiltaket gjeld fasadeendring, tilbygg, påbygg, underbygg eller innvendig endring, må teikningane visa tydeleg kva som er eksisterande tilhøve og kva som er nytt. Område med endringar vert markert, til dømes med tjukkare strekar eller eigen farge på teikninga.
- Teikningar skal vanlegvis leverast på ark i storleik A4 eller A3.
- Leverer du søknaden elektronisk må du leggja kvar teikning som vedlegg i eiga fil (pdf filformat). Namn på kvart vedlegg må forklara kva dokumentet inneheld, til dømes "Fasade nord" eller "1. etasje". Ved elektronisk innsending gjev du teikninga og fila same namn

**På planteikningane skal du visa:**

- Alle etasjar. Teikningane skal påførast riktig etasjenemning (til dømes kjellar, 1. etasje)
- Med piler kva for ein del av bygget snitt-teikninga viser (sjå døme)
- Dei utvendige måla til bygget. Vert det søkt om tilbygg er det viktig at du set mål på dette òg.
- Yttervegger med rett tjukkelse.
- Planløyising - altså rominndelinga - med påskrift av kva alle romma skal nyttast til (til dømes bad, soverom, stove).
- Kva som er separate brukseiningar / bueiningar dersom bygget har fleire brukseiningar / bueiningar.

Når tiltaket omfattar innvendige endringar i eksisterande bygg, skal du levera inn planteikning av heile etasjen der endringane skal skje. Marker tydeleg kva som er endring.

Søker du om tilbygg/påbygg skal planteikning visa heile etasjen, både eksisterande areal og tilbygg/påbygg. Marker tydeleg kva som er tilbygg/påbygg.

**På fasadeteikningane skal du visa:**

- Heile bygget, ei teikning av kvar fasade, påført kva for ei himmelretning fasaden vender seg mot (nord, sør, aust, vest).
- Eksteriørkarakteren til bygget / arkitektonisk utsjånad, og materialval.
- Terrenklinjer som viser eksisterande og framtidig planert terreng. Terrenklinjene skal ha tilvising til høgd etter kotene (meter over havet) på situasjonskartet og visast fram til skjæringspunktet mellom eksisterande og framtidig planert terreng. Teikn eksisterande terreng med heiltrekt strek og teikn det framtidige med stipla strek. Der tiltaket eller terrengendringar ligg nær eigedomsgrensa skal du òg visa eigedomsgrensa.
- Ved tilbygg og påbygg skal du senda inn teikningar av alle synlege fasadar.

**På snitt-teikning skal du visa:**

- Innvendige høgder; fri høgd i kvar etasje. Måla vert påført teikninga.
- Utvendige høgder; møne- og gesimshøgde, inklusiv taktekking. Desse høgdene skal målast frå gjennomsnittshøgda for ferdig planert terreng. Måla for gjennomsnittshøgde ferdig planert terreng (gjeve i meter over havet) og dessutan høgdene for møne- og gesims, verta påført teikninga.

**TEIKNINGAR – KVA VERT KRAVD?**

- Høgdeplasseringa til bygget i meter over havet (kotehøgde). Oftast vil det vera føremålstenleg at du viser dette for overkant av fundament eller golv. Høgdeplassering reknar du ut frå kotehøgder angjeve på kart. I ein skilde tilfelle, som til dømes ved innvendige endringar og mindre tilbygg, treng du ikkje visa høgdeplasseringa.
- Terrenmlinjer, på same måte som skildra for fasadeteikningane.
- Yttervegger og tak med riktig tjukkelse.
- Takvinkel vist med tal grader.

**Terrengprofileikning:**

Nokre gonger vert ikkje høgdeplasseringa vist til tiltaket i tilhøve til omkringliggende busetnad, naboeigedom, veg og liknande godt nok på fasade- eller snitt-teikninga. I slike tilfelle kan det vera at du må visa dette på ein eigen terrengprofileikning. Nokre gonger er det òg ønskeleg at du viser høgde for eventuell tilkomstveg på denne.


**Perspektivteikning:**

Perspektivteikning kan ikkje erstatta verken planteikningane eller fasadeteikningane, men kan i nokre saker vera eit godt supplement til fasadeteikningar for å illustrera korleis det som skal byggjast vil verta sjåande ut.

For andre detaljar om krav til teikningsinnhald, sjå NBR Spesifikasjon for teikningsmaterial - endeleg utgåve vedteke 10.10.2002.

**TEIKNINGAR – KVA VERT KRAVD?**



**Sjekkliste:**

<b>Har du huska følgjande?</b>		<b>Ja</b>	<b>Uaktuelt</b>	
Teikningar av alle fasadar				
Teikningar av alle etasjar / plan				
Snitt-teikning(ar)				
Eventuelt terrengprofilteikningar, perspektivteikningar m.m.				
Teikningane er i målestokk (vanlegvis 1:100 eller 1:200)				
Teikningane skal vise både eksisterande og nytt, og tydelig kva som er nytt				
Teikningane er fagmessig utført. Det vil blant anna sei at det er teikna med rette strekar, ikkje for hand utan linjal.				
Planteikningane viser:	Kva for etasje det er (for eksempel kjellar, 1.etasje)			
	Kvar snittet for snitt-teikninga er laga			
	Alle utvendige mål			
	Yttervegger med riktig tjukkelse			
	Planløysning, altså rominndeling, der det står kva kvart rom skal brukast til (for eksempel bad, soverom, stove)			
	Plassering av dører og vindauge			
	Kva som er eigne brukseiningar / bueningar dersom fleire			
	Heile etasjen med endringane tydeleg markert, dersom det er innvendige endringar i eksisterande bygg			
	For tilbygg/påbygg vises heile etasjen, eksisterande og nytt areal			
Fasadeteikningane viser:	Heile bygget, påført riktige himmelretningar			
	Ved tilbygg / påbygg: alle fasadar som blir endra			
	Bygget sin utsjånad og materialval			
	Linjer for eksisterande og framtidig ferdig planert terreng i hele tomta si utstrekning fram til eigedomsgrense. Overgang til nabotomt/veg er vist.			
Snitt-teikning viser:  <i>Eksempel på korleis måle møne- og gesimshøgde:</i>	 <p>The diagram shows a 3D perspective of a house with a gabled roof. It illustrates how to measure various heights: 'Mønehøgde' (window height) from the floor to the top of the window frame; 'Gesimshøgde' (eave height) from the floor to the top of the roof eave; and 'Plannert terreng' (planned ground level) shown as a dashed line. Labels include 'Plannert terreng', 'Gjennomsnittlig plannert terreng', 'Mønehøgde', and 'Gesimshøgde'.</p>	Mål for innvendige høgder; fri høgde i kvar etasje		
		Mål for utvendige høgder; møne- og gesimshøgde		
		Yttervegger og tak med riktig tjukkelse		
		Takvinkel med grad oppgitt		
		Terrenglinjer slik som for fasadeteikningane		
		Kotehøgde for gjennomsnittleg ferdig planert terreng		
		Sokkelhøgde / høgde overkant ferdig golv eller liknande oppgitt i meter over havet		
		Alle teikningar har eit tittelfelt med følgjande informasjon:	Gardsnummer og bruksnummer, eventuelt festenummer eller seksjonsnummer	
Veg-/gateadresse til eigedomen				
Tiltakshavar / ansvarleg søkjar sitt namn				
Kva som skal byggjast / gjerast (for eksempel einebustad, garasje, tilbygg, bruksendring, støttemur)				
Type teikning (for eksempel fasade, plan, snitt-teikning)				
Teikningsnummer				
Teikninga sin målestokk				
Teikninga sin dato				
Dato for når teikninga eventuelt er revidert				
Vedleggs nummer (det same som i søknaden)				



**TEIKNINGAR – KVA VERT KRAVD?**

**Eksempel på teikningar (NB! Dei er ikkje i målestokk):**


**Planteikening:** (På desse teikningane kan du i tillegg gjerne vise faste innreiingar.)



**Fasadeteikningar:**



**Snitt-teikening:**



**Terrengprofil:**

